



Arbeidet med buss-lomma kom i gang denne veka. Lomma blir på nedsida av vegen medan det blir ein forbetra men enkel stopp på andre sida.

Dette er ikkje ein aprilspøk: Den sterkt etterlengta busslomma på Ljosnes vil kunne takast i bruk allereie frå veke 13 - det vil seie frå månadsskiftet mars/april. Og i tillegg vil oppsittarane få ein forbetra buss-stopp på den andre sida av vegen.

Det er avdelingsingeniør Ivar Kåre Døsland i kommunen som opplysar dette til uskedalen.no. Gunnar Røsseland har fått entreprisen og gjekk igang med å opparbeida busslomma i starten på denne veka. I dag har Døsland vore på synfaring og drøfta dei endelege planane med grunneigar og entreprenør.

Han presiserar at buss-stoppen blir enkel. Den vil liggja mellom gardsvegavkøyringa og løa på oppsida av vegen og rett overfor den nye buss-lomma. Her vil ein fylla opp med masse medan Røsseland likevel er i gang med lomma.

Det har vore ein litt uklar prosedyre undervegs i denne saka mellom kommunen, vegkontoret og Norconsult, som har stått for prosjekteringa. Til dømes vart det bede om tilbod på fullverdige buss-stopp på begge sider av vegen men dette prosjektet er no regulert ned til ei lomme og ein stopp..

Kontrakten med Røsseland går ut på at jobben skal vera gjort i uke 13 og då kan bussen stoppe der sjølv om asfalteringa først vil skje i mai. Det betyr at det nye 'trafikk-systemet' på Ljosnes vil vera fullført

1. juni. Og gleden er stor blant oppsittarane sjølv om det på eit tidspunkt var lova 2 fullverdige busslommar..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen